



Arkivnr: 2014/10537-16

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Oppfølging - Forvaltningsrevisjon tilskotsforvaltning på kulturområdetBakgrunn for saka:

Revisjonsrapport innan «Tilskotsforvaltninga på kulturområdet» i Hordaland fylkeskommune vart handsama i fylkestinget 11.06.2014 og det vart gjort slikt vedtak:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport "Tilskotsforvaltning innanfor kulturområdet", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Utforme tydelegare føremål med tilskotsordningane som reflekterer korleis den enkelte ordninga skal bidra til å nå fylkeskommunale mål og strategiar på kulturområdet.
2. Sikre at tilskot som blir tildelt over budsjettposten «til rådvelde» blir tildelt i samsvar med krav i forvaltningslova og sentrale forvaltningsrettslege prinsipp.
3. Sikre at sakshandsaminga i samband med kulturtilskot er i samsvar med krav i forvaltningslova, herunder:
 - Sikrar at det blir sendt førebels svar jf. § 11 a, 3. ledd.
 - Sikrar at vedtak er tilstrekkeleg grunngjeve, og at grunngjeving for vedtak er dokumentert, jf. § 24, § 25 og § 27.
 - Sikrar at informasjon om klageåtgang er korrekt jf. § 27.
 - Sikrar at det blir tatt kontakt med søker dersom det blir vurdert som aktuelt å vurdere ein søknad innanfor ei anna tilskotsordning enn den det er søkt om, jf. § 11.
4. Sikre at dokument som er ledd i sakshandsaminga blir arkivert i samsvar med fylkeskommunen sine eigne retningslinjer og § 3-18 1. ledd i forskrift om offentleg arkiv, og at inn- og utgåande dokument som er gjenstand for sakshandsaming blir journalført jf. § 2-6 i forskrift om offentleg arkiv.
5. Etablere rutinar for oppfølging av rapportering frå tilskotsmottakarar.
6. Etablere system og rutinar for samarbeidet mellom Kultur- og idrettsavdelinga og Regionalavdelinga når det gjeld tildeling av tilskot, samt etablere system som gjev oversikt over ulike tildelinger av tilskot og økonomisk støtte frå fylkeskommunen.
7. Etablere eit system for jamlege evalueringar av dei ulike tilskotsordningane for å sikre at dei blir nytta i samsvar med føremålet.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Direkte telefon 55239447 – Mobil 97505152 - E-postadresse: Roald.Breistein@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankgiornr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

8. *Laga ein handlingsplan innan 1.10.2014 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

Kontrollutvalet har følgt denne forvaltningsrevisjonen opp ved 1 høve i 2014 og 2 høve i 2015 der det siste gong vart gjort slikt vedtak i møte 24.08.15:

«Kontrollutvalet ser positivt på det er sett i verk ein del prosessar for å betre rutinane innan tilskotsforvaltinga på kulturfeltet. På bakgrunn av at mykje av arbeidet som gjenstår ser ut til å ligge i den oppstarta samla gjennomgangen av tilskotsforvaltinga som skal leggjast fram politisk hausten 2015, ber kontrollutvalet om ny status i form av skriftleg tilbakemelding innan 31.12.2015.»

Drøfting:

Ny tilbakemelding frå fylkesrådmannen dagsett 10.12.15 er motteke og ligg ved.

Sekretariatet registrerer at Hordaland fylkeskommune har fått på plass forbetringer innan 3 av dei 7 punkta i rapporten. Det vert vidare registrert at det er i gang arbeid for å få plass forbetringer også på punkta 1, 4, 6 og 7. Etter planen skal det meste vera på plass innan utgangen av mars 2016. På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet be om ny status på desse punkta i form av skriftleg tilbakemelding innan 30.6.2016.

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber om ny status på punkta 1, 4, 6 og 7 i form av skriftleg tilbakemelding innan 30.6.2016.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med ny status på forvaltningsrevisjon innan tilskotsforvaltinga på kulturområdet når det gjeld punkta 1, 4, 6 og 7 i form av skriftleg tilbakemelding innan 30.6.2016.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Tilskotsforvaltinga på kulturfeltet - tilbakemelding status på dei 7 tiltaka i Handlingsplan